
Fra: Halldor Havsgård <halldor@halldor.no>
Sendt: onsdag 18. mars 2020 04:00
Til: Postmottak Alver
Kopi: Siril Therese Sylta; 1121 Geir Styve
Emne: Sak nr.: 20/2430-20/15057 : Tolkning av rekkefølgekrav -
gbnr 202/3 m.fl. Helleåsen

Hei !

Eg viser til brev av 17.03.2020.

Min klient, Geir Styve, har altså reist spørsmål til kommunen om forståing av planavdelinga sitt notat av 07.06.2018 om tolking av rekkefølgekrava for Helleåsen bustadområde.

Geir Styve finn Alver kommune si haldning i denne saka som beklageleg. Kommunen framstår som avvisande og lite imøtekomande. Vi viser her og til grunnleggjingsplikta som Alver kommune har for sine vedtak.

Geir Styve har fleire gonger reist konkrete motargument mot tolkingsnotatet til kommunen, fordi dette notatet, slik Geir Styve ser det, inneheld fleire sjølvmotseiande formuleringar. Dessutan har det ein konklusjon som min klient ikkje kan aksepters, sett i høve til ordlyd i reguleringsplanen.

For å klarleggja saka, vil eg på vegne av min klient be om fylgjande:

Med henvisning til motteke brev som nemnt ovanfor, der Alver kommune avviser vidare dialog men kun viser til tidlegare svar i saka, vil eg be om eintydig referanse til kvar kommunen meiner å ha gjeve sine argument i høve til påstanden min om at Planavdelinga sitt notat er sjølvmotseiande, at det ikkje er rotfesta i reguleringsplanen sin tekst, og at det dessuten har ein ulogisk konklusjon.

Etter det eg så langt har funne sv dei dokument eg har fått framlagt i saka, føreligg det ingen slike saklege materielle motargument frå kommunen si side.

Eg imøteser eit snarleg svar !

Med venleg helsing

Halldor Havsgård
jurist 2014 | ingeniør 1981 | eiendomsmegler 2018

JURIST RETTSHJELPER INGENIØR HALLDOR HAVSGÅRD
Stiftet 1990 (Ingeniørdelen)
Conrad Mohrs veg 23 B
Postboks 6168, 5892 BERGEN
Telefon|SMS : 905 32 319

Denne e-posten kan inneholde fortrolig informasjon. Dersom du ikke er rett mottaker, må du snarest informere avsender om dette, og deretter slette e-posten !